

Hane på tilvenning.

23.09.2016



Borna kosar seg med hanen, og hanen kosar seg med borna.

**Det er tilvenningstid rundt om i barnehagane no. «Nye og gamle barn og voksne» skal bli kjente med kvarandre og finna ut av barnehagekvardagen.**



Også hanen har det godt i barnehagen.

I år er det litt spesielt hos oss. Det er ikkje berre barna som skal bli trygge i barnehagen. Me har også fått ein liten skjønn hane som er byrja i barnehagen. Den skal vera i lag med hønene og hanen som me har frå før. Denne vesle svarte «fjørddotten» ventar på oss kvar morgon me kjem på «beitet» for å gi dei mat. Og det er mat dei ventar på, men denne vesle hanen er klar for å vera med barna. Den trippar etter barna kor dei går og vil vera med dei overalt. Etter at me har vore å gitt dei mat og stelt for hønene og er klare for å gå ned i barnehagen med alle eggia, er det ein annan som er klar og. Hanen kjem alltid springande etter og vil vera med. Det nyttar ikkje å stenga porten og lukka grinda, den smett under og kjem seg inn på barnehageområdet.

Den nyttar dagane i barnehagen i lag med barna, lagar koselege lydar i nærlieiken av barna, og trivst godt på armen til dei av barna som vil ha den på armen. Av og til lukkar den auga og ser ut til å ta seg ein blund eit sekund eller to, medan den sit på armen. Er døra inn til barnehagen open er den rask og smett inn, og er døra

Iukka sit den utanfor og lagar mykje lydar for å få oss ut. Hanen vil vera med i sandkassen, den vil vera med på sklia, i toget, ja overalt, heilt til me må stenga den inne om ettermiddagen før me går heim for dagen.

No er søstrene komne på beitet, så kanskje han held seg meir på beitet då.



Barnehagetilvenning både for born og dyr i Dønhaug gardsbarnehage.

Tekst: Hilde Tungesvik Myklebust

Foto: Dønhaug gardsbarnehage

Nett: Thor Inge Døssland